



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato
05.04.2018
Dykkar dato
09.03.2018

Vår referanse
2018/3542 421.3
Dykkar referanse
18/98

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Uttale til dispensasjon til frådelling av parsell på gnr. 39 bnr. 2, Gaustad.

Vi viser til brev frå kommunen datert 09.03.2018. Saka gjeld søknad om dispensasjon for frådelling av parsell med påståande våningshus på gnr. 39 bnr. 2. Tiltaket ligg i LNF-spreidd i arealdelen av kommuneplanen. LNF-spreidd opnar ikkje for frådellingar av eksisterande bustadhus, så saka skal behandlast som ein dispensasjon frå LNF-formålet. Søkar opnar for at dei kan føye saman gnr. 39 bnr. 53 til landbrukseigedomen slik at det framleis vert eit hus der.

Fylkesmannen si vurdering

Fylkesmannen vi peike på at det er nokre utfordringar ved denne frådellinga. Dagens våningshus ligg til dømes naturleg saman med driftsbygninga i eit samla tun. Hus på bnr. 53 ligg lengre unna, og det vil etter vårt syn vere uheldig med større avstand mellom våningshus og driftsbygning.

Det vil også vere svært problematisk å dele ifrå våningshuset utan vilkår om at hus på gnr. 39 bnr. 53 vert føydd saman med gnr. 39 bnr. 2. Om kommunen vel å gi dispensasjon må dette vere eit vilkår.

Med helsing

Egil Hauge
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.